

Arealstrategi i samfunnsdelen: “Pilotprosjekt arealstrategi” (HINN – UIT)

Nils Aarsæther

Prof. emer. UiT Norges Arktiske Univ.

Oppdraget frå KDD – i samarbeid med Distriktssenteret

- Undersøke om arealstrategi (ARS) bidrar til forenkling og forbetring av planarbeidet i utvalde småkommunar
- Med eit særleg blikk på LNFR-område, som småkommunar har mykje av
- Etablere ein samarbeidsarena (digital) kring ARS-arbeidet i pilotkommunane
- Bygge på NORCE-prosjektet si nasjonale kartlegging av ARS i småkommunar
- Med fokus både på prosessen (kven deltar) og på innhald (kva retning?) i ARS
- Vurdere rettleiings- og opplæringsbehov

Forskargruppe frå HINN og UiT – med fordeling av "kommuneansvar"

- Prosjektleder: Aksel Hagen, INN (Holtålen, Namskogan)
- Hans Olav Braataa, INN (Leka, Grane)
- Nils Aarsæther, UiT (Nordkapp)
- Camilla Brattland, UiT (Karasjok)
- Arild Buanes, UiT (Lødingen)
- Toril Ringholm, UiT (Hamarøy)

- I tillegg har to masterstud. Ved UiT deltatt (Nordkapp, Karasjok)

Eit pilotprosjekt – kva inneber det?

- - Demping av skiljet mellom utforskar, "medforskar" og oppdragsgivar
- - Mindre "rigid" metodebruk – opning for fleksibilitet og eksperimentering
- - Case-studier: Samtalar om medvirkning, vegvalg og prioriteringar i kommunane
- - Tilbakemeldingar, også undervegs på digital samarbeidsarena
- At det i utgangspunktet skulle vere eit lite prosjekt, kostnadsmessig og i varigheit. Det blei å koste litt meir, og å vare litt lenger.

Deltakande kommunar – i Trøndelag, Nordland – og Troms og Finnmark

- Nordkapp
- Karasjok
- Lødingen
- Hamarøy
- Grane (D-kommune 3.0)
- Leka
- Namskogan
- Holtålen (D-kommune 3.0)

God mottaking i praksisfeltet

- Kommunane søkte om å delta. 7 av 8 kommunar blei aktivt med. 1-2 fysiske besøk i 7 av 8 kommunar
- Lett tilgjengelege planar og høyringsutkast på kommunansine nettsider
 - - God deltaking (opptil 45) på digitale samarbeidsarenaer
 - - Samarbeid med Fylkeskommunar og Statsforvaltarar
 - - God undervegskontakt med Distriktssenteret og KDD

Småkommunar med arealstrategi 2021.
Norce Samfunn-rapport 9/21

Fylke	I Samf. del	I Arealdel	I Plan-strategi	I plan-tekst	Ikke ARS-spor	TOT
Rogaland	0	0	0	0	3	3
Møre og Romsdal	1	0	0	1	0	2
Nordland	8	2	2	3	7	22
Viken	1	0	0	2	3	6
Innlandet	7	0	0	3	3	13
Vestfold og Telemark	0	0	0	0	6	6
Agder	3	3	0	0	4	10
Vestland	1	0	1	3	6	11
Trøndelag	0	0	0	5	9	14
Troms og Finnmark	9	1	3	0	5	18
SUM	30	6	6	19	44	105

Kommune	Kommune-plan – status pr 2021	Prosess-leiing Samfd/ARS 2021-	Folkevalgt Involvering	MedvirkningFolkemøter	Status 2022
Nordkapp	Samfd 2014 Areald 2016	Plan-personale	I liten grad	Kafe-dialog (folkemøte)	Planprogram med ARS Sept 2021
Karasjok	Samfd 2008 Areald 2005	Næringskons Teknsjef	I liten grad	Kafe-dialog (folkemøte)	Samfd med ARS des. 2022
Lødingen	Samfd 2009 Areald 2021	Planleggar	I liten grad-plan-workshop	Kafe-dialog (Folkemøter) Temamøter	Planprogram Samfd 2023
Hamarøy	Samfd 2014 Areald 2009	A/S Bedrifts-kompetanse	Lite involvert Strategi-workshop	Folkemøter med digitale innspel	Samfd m ARS sept 2022
Grane	Samfd 2011 Areald 2013	Kommune 3.0. Leie inn prosesshjelp	Ordførar er aktiv, politikere invitert med i medvirkningsprosessen	Folkemøte, Spørreskjema på Granedagene, Ungdomsråd	Oppstart samfd 2022. Forslag til behandling på starten av -23.
Leka	Areald 2013	Kommunal leiing	Poltikere er involvert jf ulike tema	“Gjestebud” Innovasjon-camp i skole.	Oppstart samfd 2022, forsinka til -23.
Namskogan	Samfd 2011 Areald 2004	Kommunal-sjef infrastr	Lite involvert	For lite kapasitet til	Forsinka i planarbeidet
Holtålen	Samfd 2007 Areald 2020	Komm. 3.0 Plan- og miljøsjeff	Lite involvert	Venter med folkemøter	Forsinka i planarbeidet

Metode i pilot-prosjektet


- Digitale kontaktmøter med planfagleg personale, m.a. støtte til medvirkningsopplegg
- Korte feltarbeid i 7 av 8 kommunar
- Halv-strukturerte intervju med planfagleg personale og administrativ og politisk leiing, individuelt og i grupper
- Observasjon på medvirkningsarenaer og kommunale møter
- Referat frå samarbeidsarenaer
- Forskarsamlingar, fysisk og digitalt

Funn (1) ARS i Formelle planprosessar

- Kommunar slit med å finne rytmen i planprosessane, fx «fersk» arealdel, men utdatert samfunnsdel
- Planprogramkravet sinkar prosessen
- Manglande politisk-engasjement sinkar prosessen. ARS kan få fram «elefantar» ein helst ikkje vil sjå
- Medvirkningsopplegg kan vere tidkrevande
- Det oppstår noko presserande (heile tida) som "tilfeldigvis" sinkar prosessen (vakansar, byggesaker fx)
- Og no nærmar det seg ny runde med planstrategi – som ein må prioritere
- Men kommunane har ein entusiast eller tre som driv strategiarbeidet fram, ingen ser negativt på ARS

Funn (2) på medvirkning

- God respons på (allmenn) invitasjon til folkemøte/kafebord-dialog.
- Godt tilpassa på gjennomføring (SV-bord, ungdomsbord, samiskspråkleg bord)
- Gode diskusjonar på (1) LNFR, (2) Tettstad/sentrumsutvikling
- Kommunane køyrer tema/gruppe-innretta møter
- Og dette er tidkrevande, samt utfordrande mht. etterarbeid/oppfølging/prioritering
- Men dette er folk gode på i mindre kommunar. Overraskande lågt konfliktnivå, elefantar parkert her, godt frammøte av kommunens beste kvinner og menn



FUNN (3) LNFR -temaet

- Overraskande lite spenningar og konflikt her
- Reindriffta gjennomgåande hensynstatt – rapportar om god dialog
- - Tydeleg på utfordringar ved nærheit til vassdrag (flaum), strandsone, sjøområde
- Reiseliv og turbruk av terrenget blir tematisert
- Avslappa forhold til spredt boligbygging og hyttebygging, men respekt for lovverket

FUNN (4)
Tettstad/sentrumsutvikling

- Overraskende sterkt engasjement på sentrumsutvikling
- Samlokalisering og integrasjon off. tenester og handel/privat service – rurbanisering
- Og for ivaretaking av distriktskommunens fortrinn (tilby boligar som er rimelege, romslege, med hage og rekreasjonsnærheit)

Konklusjon 1: Arealstrategi - særleg meiningsfullt i småkommunar

- - Arealstrategi oppfatta som nyttig for arbeidet med arealdelen – der store ting er på gang i små kommunar (veg, reiseliv, energi, havbruk)
- - Oppfatta som nyttig å vise til, i møte med eksterne aktørar
- - Men behov for å kommunisere kva ARS dreier seg om. Få utover det planfaglege personalet kjenner til begrep og oppbygging av plansystemet
- - Engasjerer breitt, både mht. LNFR-område og sentrumsplanlegging

Konklusjon 2: Innhald/Berekraft: Miljø- dimensjonen er meir implisitt i småkommunar

- Sosial berekraft – bekymring for folketalet – tilrettelegging for at dei som kjem trivast (steds/sentrumsutvikling)
- Økonomisk berekraft - nærings/energiprojekt i kritisk hopehav med miljø/naturomsyn
- Miljø/klima: I liten grad tematisert i arealstrategiane (ved berre å bu her sørgar vi for varsam og spreidd utnytting av naturen)

Konklusjon 3: Arealstrategien involverer!

- Ein plattform og møtestad utan særleg høge kompetansetersklar. Her er nokre betraktningar:
- Planpersonalet og k-dir er pådrivarar med kanalar til høgare makter
- Folkevalde, tja...travle folk
- Interessentar, næringsaktørar - vel heller eksklusiv "prat" enn folkemøte
- Borgarar – møter opp. Medvirkningsopplegg er også sosiale hendingar
- Eldsjeler i og utanfor kommunen som organisasjon

- Alle "leirar" er med i den medvirkninga vi har observert

Konklusjon 4: Støtte i arbeidet trengs

- Små og sårbare fagmiljø
- Gjennomtrekk av nøkkelpersonale
- Bruk av planfagleg personale til andre oppgaver